



Foto: Innblikk (2009)

Informasjon

Kompetansemål:
samtale om bruk, funksjon og materialval i ulike bygningar og lage skisser med forslag til ny arkitektur

Tidsbruk:
2 timer

Trinn:
Kan tilpassast 1-4 trinn.

Fag:
Opplegget er tverrfagleg og er innom tema i norsk, K&H, samfunnsfag og matematikk. Metoden som blir brukt heiter Storyline.

Laftematikk

Det er ikkje alltid ein kjem til duk og dekket bord. Men når museet er innom er det akkurat det som venter på barna! Gjenstandane på bordet inspirerer til historieforteljing. Saman bygger me *Gamlegata*, som er ein verkeleg fantastisk stad.

Det er òg ein fysisk stad, med hus i lafta tømmer. Med fysiske størrelser; med forskjellige hus, menneskjer, detaljar, spøkelse, draumar og levde liv.

Flyt

Forarbeid

Skular som er interesserte i opplegget får tilsendt **eit ressurshefte**. Skulane kan bruka den ressursen for å læra meir om livet før i tida. Då har elevane nokre forkunnskapar.

Opplegget

Opplegget er delt i fleire deler, men i hovudsak er det **ein provokasjon** og **ein Storyline**.

A) Provokasjon

Ein duk og dekkja bord venter på elevane. Ein koffert står ved sidan av. Elevane og formidlaren samtaler om kva dette kan vere. Saman kjem dei fram til nokre nøkkelspørsmål.

B) Storyline

Elevane lagar «Gamlegata» i grupper.. Når gata er ferdig skjer det ting som bringer liv til ho. Avhengig av elevane kan fleire ting skje. For eksempel:

- Du er arkitekt og kjem til Gamlegata for å teikne ho opp.
- Byen brenn. Me bygger han opp att på ein meir brannsikker måte.
- Skriv historia til nokon som budde i eit av husa.
- Teikne ein figur av ein person som jobba i gata.
- Ein mann i bygda blir veldig rik på sildefiske. Han bygger seg eit fantastisk stort hus.

Forslag til Etterarbeid

- Lag ei plansje med elevanes historier.
- Lag ei utstilling som demonstrerer elevanes kunnskap om lokal byggjeskikk og livet før i tida.
- Besøk ein lokal bygning som er lafta.
- Besøk Guggedalsloftet på Kolbeinstveit for å fordyping i fagstoffet.